

Randi Bergem og Finn Ove Båtevik

Rapport nr. 8

**Sjølvsagt les og skriv vi  
nynorsk**

Evaluering av eit prosjekt ved Volda  
ungdomsskule

Randi Bergem og Finn Ove Båtevik

## **Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk**

Evaluering av eit prosjekt ved Volda ungdomsskule

Rapport nr. 8

Høgskulen i Volda      Møreforsking Volda

2010

<b>Prosjekttittel</b>	Evaluering av prosjektet Sjølvsgt les og skriv vi nynorsk
<b>Prosjektansvarleg</b>	Møreforskning Volda
<b>Prosjektleder</b>	Randi Bergem
<b>Prosjektmedarbeidar</b>	Finn Ove Båtevik
<b>Oppdragsgjevar</b>	Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Møreforskning Volda
<b>ISBN</b>	978-82-7692-307-0 (elektronisk utgåve)
<b>ISSN</b>	1891-5981
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.moreforsk.no/volda.htm">http://www.moreforsk.no/volda.htm</a> <a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a>

© Forfattar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjing berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### Rapport

Vitskaplege og andre faglege arbeid på høgare nivå enn notat. Både forfattar og institusjon er fagleg ansvarlege for publikasjonen. Arbeida kan vere rapportar frå prosjekt/opplæringsverksemd eller reint teoretiske arbeid av eit visst omfang. Rapportane må vere godt gjennomarbeidde med omsyn til innhald, struktur og språk og innehalde referansar. Rapportane skal vere godkjende av prosjektleder og/eller avdelingsleder ved MFV. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

## Innhold

Innleiing .....	2
Resultat frå undersøkinga blant elevar ved Volda ungdomsskule .....	3
Innleiing .....	3
Hovudmål .....	3
Kor viktig er det for elevane å skrive nynorsk? .....	3
Kva tekster liker elevane å skrive? .....	5
Nynorsk rettskriving .....	6
Forhold som har medverka til å betre rettskrivinga blant elevane.....	7
Kor viktig er det at ulike tekster er på nynorsk? .....	8
Synspunkt på å lese bøker på nynorsk .....	10
Nynorskbøker på biblioteket ved ungdomsskulen.....	12
Kor mange skjønnlitterære bøker på nynorsk les elevane i løpet av eit skuleår? .....	12
Les elevane fleire nynorskbøker no? Er det eventuelt viktigare enn i 8. klasse?.....	13
Kven har mest å seie når elevane skal velje bøker dei vil lese? .....	14
Informasjon om nynorsk litteratur for ungdom .....	16
Andre synspunkt på å lese nynorsk.....	16
Kjennskap til namn på forfattarar som skriv bøker på nynorsk .....	17
Kva målform vil elevane bruke når dei presenterer eit tema i ulike samanhengar? .....	17
Bruk av nynorsk i nye medium .....	18
Tankar om å bruke nynorsk i framtida .....	20
Andre synspunkt på å bruke nynorsk .....	22
Elevane sine erfaringar med og synspunkt på nynorskprosjektet .....	22
Generelle synspunkt på prosjektet <i>Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk</i> .....	23
Lærarane sine erfaringar med prosjektet .....	24
Oppsummering.....	26
Vedlegg.....	29

## Innleiing

Prosjektet *Sjølvsgat les og skriv vi nynorsk* er gjennomført ved Volda ungdomsskule i perioden hausten 2007 – våren 2010. Prosjektet er finansiert av FoU-midlar frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, og har hatt ei ramme på kroner 50 000 for kvart av dei tre åra (2009-2010 også 50 000 kr?). Tre av dei tilsette ved Volda Ungdomsskule er fagansvarlege.

Prosjektet skulle danne grunnlag for ein 'voldamodell' for undervisning i norsk med vekt på nynorsk. Modellen består av fagplanar for ulike årssteg. Planane er utforma som detaljerte og brukarvennlege fagplanar der læringsmål, fagstoff, arbeidsmåtar og vurderingsmåtar kjem klart fram.

Målet med prosjektet og vidare med modellen er å styrke nynorsk som skriftspråk ved å:

- Auke elevar og lærarar sin kunnskap om nynorsk litteratur
- Gjere elevane meir medvitne om det nynorske skriftspråket og styrke sjølvkjensla med tanke på å bruke nynorsk som hovudmål
- Auke elevane sin lese- og skrivekompetanse på nynorsk
- Gjere lærarane meir medvitne når det gjeld å bruke nynorsk litteratur i norskundervisninga
- Verke samlande for norskopplæringa ved skulen

Desse måla ligg til grunn for problemstillingar og spørsmål som har vore i fokus i evaluering (jf vedlagde spørjeskjema og intervjuguide).

### Respondentar og informantar

Målgruppene for prosjektet *Sjølvsgat les og skriv vi nynorsk*, har vore både elevar og lærarar. Det vart våren 2010 gjennomført ei nettbasert spørjeundersøking blant elevane i dei fire 10. klassene ved Volda ungdomsskule. Elevane frå desse klassene har følgd prosjektet i tre år. Til saman har 83 elevar vore med i undersøkinga, og det utgjer 90 prosent av alle elevane i 10. klasse. Svara kjem frå 51 gutar og 32 jenter, og svarfordelinga er 89 prosent for gutane og 91 prosent for jentene. For å sikre god svarprosent, vart spørjeundersøkinga gjennomført i skuletida.

For å få utdjupande informasjon om elevane sine erfaringar, er eit utval elevar intervjuet. Det er gjennomført intervju med to elevar frå kvar av dei fire klassene, til saman åtte elevar (fire jenter og fire gutar). Dei vart intervjuet i to grupper på fire elevar. Kriteria for utvalet av elevar (at alle klassene og både gutar og jenter var representerte) var gitt av Møreforskning.

I tillegg er tre lærarar intervjuet somi ei gruppe. Dei tre lærarane har undervist i norsk i dei klassene som har vore med i heile prosjektperioden. Ein av desse har også vore fagansvarleg for prosjektet. I utgangspunktet skulle fire lærarar intervjuast, men ein av lærarane måtte diverre melde forfall til intervjuet.


## Resultat frå undersøkinga blant elevar ved Volda ungdomsskule

### Innleiing

Spørsmåla i skjemaet vart sorterte slik at det først var spørsmål knytte til å skrive nynorsk og til skriving meir generelt, deretter spørsmål som galdt nynorsk litteratur og lesing, så følgde spørsmål om haldningar til og synspunkt på det å bruke nynorsk i dag og i framtida. Til slutt i skjemaet var det spørsmål knytte til elevane sine erfaringar med prosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk*.

### Hovudmål

Den første figuren viser fordelinga blant gutar og jenter når det gjeld hovudmål (nynorsk eller bokmål).




Figur 1: Hovudmål blant elevane

Volda ungdomsskule har primært nynorskbrukarar blant elevane. I alt 94 prosent av jentene og 86 prosent av gutane har nynorsk som hovudmål, medan 6 prosent av jentene og 14 prosent av gutane har bokmål som hovudmål.

I og med at alle elevane, uavhengig av kva som er deira hovudmål, har vore med i prosjektet, har vi valt å inkludere svara frå bokmålelevar i presentasjon av resultat frå undersøkinga. Dei har erfaringar med prosjektet på same måte som elevar som har nynorsk som hovudmål. I dei tilfella der det ser ut til at svar frå elevar som har bokmål som hovudmål kan ha påverka svarfordelinga, er det kommentert.

### Kor viktig er det for elevane å skrive nynorsk?

Flesteparten av elevane har såleis nynorsk som hovudmål, og neste spørsmål handlar om kor viktig det er for elevane å skrive nynorsk.



Figur 2: Kor viktig er det for deg å skrive nynorsk?

Under halvparten av elevane meiner det er viktig for dei å skrive nynorsk, og størstedelen av elevane finn vi blant dei som meiner det korkje er viktig eller uviktig. Det ser ut å vere litt viktigare for gutane enn for jentene å skrive nynorsk.

Knapt halvparten av gutane (49 prosent) svarer at det er svært viktig eller nokså viktig å skrive nynorsk, medan 35 prosent av jentene svarer det same. Tala viser altså ein relativt markert skilnad mellom jenter og gutar. Blant elevar som meiner at det er nokså uviktig eller ikkje viktig å skrive nynorsk, er det ingen skilnad mellom gutar og jenter. I alt 44 prosent av jentene meiner at det korkje er viktig eller uviktig for dei å skrive nynorsk, medan det gjeld 29 prosent av gutane. Tala kan også tyde på at gutane i større grad enn jentene har teke stilling til om det er viktig å skrive nynorsk.

Fire av elevane som har bokmål som hovudmål meiner at det er nokså uviktig eller ikkje viktig å skrive nynorsk, medan 14 av elevane med nynorsk som hovudmål meiner det same. Det er såleis ikkje bokmålelevar som først og fremst dreg prosenten opp blant elevar som meiner det ikkje er viktig å skrive nynorsk.


Kor viktig det er å skrive nynorsk var også tema i intervjuet vi hadde med eit utval elevar:

- *Ja det er ganske viktig. Likar best å skriv nynorsk*
- *Eg har ikkje noko positivt forhold til bokmål, glad for at eg skriv nynorsk*
- *Eg likar best nynorsk fordi det ligg nærast dialekten, og det hadde vore vanskelegare å skrive eit skriftspråk som ligg langt frå dialekten*
- *Eg skriv ikkje dialekt i skulesamanheng*
- *Eg skriv nynorsk i norskfaget og så skriv eg dialekt i dei andre faga. Norsk blir litt meir nynorsk*
- *Eg likar eigentleg ikkje nynorsk, fordi eg føler meg litt sånn gammal. Eg likar bokmål best. Men dialekt er ok, også å skrive*

Dersom ein skal trekkje noko meir allment ut av tilbakemeldingane frå ungdomsskuleelvane, må det vere at det er to store grupper elevar. Det er dei som er relativt medvitne når det gjeld å bruke nynorsk som skriftspråk, og dei som bruker nynorsk utan at dei er spesielt opptekne av målform.

### Kva tekster liker elevane å skrive?

Neste spørsmål handla om kva tekster elevane liker å skrive. Spørsmålet galdt skrivning generelt og var ikkje spesielt knytt til nynorske tekster. Elevane vart bedne om å ta stilling til skrivning av tekster som inngår i fagplanane for norskfaget, altså tekster dei har fått erfaring med å skrive i løpet av ungdomsskulen. Resultata er presenterte i figur 3.



Figur 3: Kva tekster liker du best å skrive?

Samla sett er det flest som liker best å skrive **forteljingar, eventyr e.l.** (43 prosent). Elles er det ein del elvar som likar best å skrive **kåseri, artiklar og noveller**. Men det er grunn til å merke seg skilnadene mellom jenter og gutar på spørsmålet om kva tekster dei liker best å skrive. Ikkje minst



ser det ut til å vere meir variasjon blant gutane enn blant jentene når det gjeld kva dei liker best å skrive.


Over halvparten av **jentene** (53 prosent) liker best å skrive forteljingar, eventyr e.l., medan 16 prosent liker best å skrive kåseri. Elles er det 13 prosent av jentene som liker best å skrive noveller og like mange liker best å skrive songtekster. Korkje lesarinnlegg/debattinnlegg, lyrikk, intervju eller andre tekster er blant favorittane til jentene.

Blant **gutane** er det 37 prosent som liker best å skrive forteljingar, eventyr e.l. og 20 prosent som liker best å skrive **artiklar**. Vidare er det 12 prosent som liker best å skrive kåseri og 10 prosent som liker best å skrive noveller. Det finst også gutar som liker best å skrive lesarinnlegg/debattinnlegg, lyrikk, intervju og andre tekster, som kan vere teikneserie, fakta, essay e.a. Ingen gutar liker best å skrive songtekster.

Det ser altså ut til at gutane vert stimulerte til skiving, ved at dei kan velje mellom flest moglege ulike typar tekster.

## Nynorsk rettskriving

Neste spørsmål i skjemaet galdt elevane sine egne vurderingar av korleis dei meistarar nynorsk rettskriving.



Figur 4: Korleis meistarar du nynorsk rettskriving?


Elevane er tilfredse med korleis dei meistarar nynorsk rettskriving, og det er ikkje stor skilnad mellom jenter og gutar, men ein tendens i retning av at gutane opplever betre meistring av nynorsk rettskriving enn jentene gjer.

Figur 4 viser at 37 prosent av gutane og 31 prosent av jentene opplever at dei meistarar nynorsk rettskriving svært godt, medan 47 prosent av gutane og 41 prosent av jentene meiner dei meistarar nynorsk rettskriving nokså godt. I alt **80 prosent av elevane** vurderer det altså slik at **dei meistarar nynorsk rettskriving svært godt eller nokså godt**.

Blant jentene er det 22 prosent som svarer at dei meistrar nynorsk rettskriving korkje godt eller dårleg, medan 16 prosent av gutane svarer det same. Berre 6 prosent av jentene og ingen gutar svarer at dei meistrar nynorsk rettskriving nokså dårleg. **Ingen elevar opplever at dei meistrar nynorsk rettskriving svært dårleg.**

### Forhold som har medverka til å betre rettskrivinga blant elevane

Flesteparten av elevane opplever altså at dei meistrar nynorsk rettskriving svært godt eller nokså godt (jf Figur 4.) Spørsmålet som følgjer viser kva forhold elevane meiner har hatt noko å seie for at dei har blitt betre i nynorsk rettskriving. Det er sjølvsagt slik at ulike forhold heng i hop og påverkar kvarandre, men det viser likevel kva tankar elevane sjølv har når det gjeld kva som gjer dei betre i nynorsk rettskriving.



Figur 5: Kva forhold/arbeidsmåtar har hatt noko å seie for å ha blitt betre i rettskriving?

Å skrive tekster på nynorsk er klart det elevane meiner har mest å seie for at dei har blitt betre i nynorsk rettskriving, og som vi har sett opplever flesteparten av elevane at dei meistrar nynorsk rettskriving (jf figur 4).

I alt 77 prosent av jentene og 69 prosent av gutane erfarer at det å **skrive tekster på nynorsk** i stor grad har hatt noko å seie for å betre rettskrivinga i nynorsk. **Å lese bøker på nynorsk, undervisninga til lærarane, bruk av nynorsk retteprogram og lærarane sine kommentarar på skriftlege arbeid** ser også ut til å ha relativt mykje å seie for å betre rettskrivinga. Tala viser at elevane vurderer desse forholda som om lag like viktige for å betre rettskrivinga. Skilnaden mellom gutar og jenter er liten.

Ein annan arbeidsmåte som vert brukt med tanke på å betre rettskrivinga er **retting på retteark**, som 27 prosent av elevane meiner i stor grad har hatt noko å seie for å betre rettskrivinga, og 38 prosent meiner at det i nokon grad har hatt noko å seie. Retting på retteark ser ut til å ha vore litt viktigare for gutane enn for jentene.

Som ein del av prosjektet Sjølv sagt les og skriv vi nynorsk, har elevane løyst kryssord i Norsk barneblad. Å løyse slike kryssord ser ut til å ha mindre å seie for at elevane har blitt betre i nynorsk rettskriving enn dei andre faktorane som er trekte fram her. Det er likevel ein del som sera t dei også har hatt eit utbyte av det. Til saman 39 prosent av elevane meiner det forholdet i stor grad eller i nokon grad har hatt noko å seie for at dei har blitt betre i nynorsk rettskriving, medan 54 prosent av elevane meiner at det har hatt lite å seie. Gutane har hatt noko betre utbyte av å løyse slike kryssord enn jentene.


I tillegg til forholda som var definerte i skjemaet, var det mogleg å legge til andre forhold eller arbeidsmåtar som elevar opplevde som viktige for å ha blitt betre i nynorsk rettskriving. Desse vart nemnde:

- Andre elevar
- NRK- nyheiter
- Å lese andre sine stilar på skulen
- Aviser
- Tekst på tv eller data
- Ha operativsystem på nynorsk og sjå filmar teksta på nynorsk
- Ved å lære rettskrivingsreglar

### **Kor viktig er det at ulike tekster er på nynorsk?**

På neste spørsmål skulle elevane ta stilling til kor viktig det er at tekster, som fagbøker, skjønnlitteratur, brukarrettleiingar, teikneseriar, tekster på nettet og tekster til fjernsynsprogram/filmar, er på nynorsk.

## Kor viktig er det for deg at følgjande tekster er på nynorsk?



Figur 6: Kor viktig er det for elevane at ulike tekster er på nynorsk?

Fagbøker er den typen tekst elevane meiner er viktigast er på nynorsk. Mange synest også det er viktig at aviser og skjønnlitteratur er på nynorsk. På fleire område er det klare skilnader mellom gutar og jenter når det gjeld vurderingar av kor viktig det er at ulike tekster er på nynorsk.

Figur 6 viser at 65 prosent av jentene og 57 prosent av gutane meiner det er svært viktig eller nokså viktig at **fagbøker er på nynorsk**. Samanlikna med gutane er jentene altså litt meir opptekne av at fagbøker er på nynorsk. Men skilnaden er ikkje stor.

At **aviser er på nynorsk** vert også vurdert som viktig, 48 prosent av jentene og 47 prosent av gutane meiner det er svært viktig eller nokså viktig, men det er ein litt større del av gutane enn jentene som meiner det er svært viktig at aviser er på nynorsk.

Når det gjeld **skjønnlitteratur** synest 48 prosent av gutane og 35 prosent av jentene at det er svært viktig eller nokså viktig at bøkene er på nynorsk. Med tanke på korleis jenter og gutar vurderer kor viktig det er at bøkene er på nynorsk, er biletet annleis for skjønnlitteratur enn for fagbøker. Fleire gutar enn jenter er opptekne av at skjønnlitteratur er på nynorsk, medan litt fleire jenter enn gutar er opptekne av at fagbøker er på nynorsk.

I intervjuet formidlar elevar at det er innhaldet som er viktigast, ikkje om boka er på nynorsk eller bokmål. Somme synest jamvel det er best om boka er på engelsk.

Elevane skulle også ta stilling til kor viktig det er for dei at **brukarretteiingar er på nynorsk**, og figuren viser at 36 prosent av gutane og 32 prosent av jentene meiner det er svært viktig eller nokså viktig.

Når det gjeld teikneseriar, tekster på nettet, og tekster til fjernsynsprogram/filmar er det store skilnader mellom gutar og jenter. Jamt over er gutane meir opptekne av at slike tekster er på nynorsk enn det jentene er. I alt 38 prosent av gutane meiner det er svært viktig eller nokså viktig at **teikneseriar er på nynorsk**, medan berre 6 prosent av jentene meiner det same. Blant gutane er det 36 prosent som meiner det er svært viktig eller nokså viktig at **tekster på nettet er på nynorsk**, medan 9 prosent av jentene meiner det same. Elles er det 36 prosent av gutane og 6 prosent av jentene som synest det er svært viktig eller nokså viktig at **tekster til fjernsynsprogram/filmar er på nynorsk**.


Av dei tekstene som var nemnde i skjemaet, viser resultatata at fagbøker er den typen tekst som elevane, både jenter og gutar, meiner det er aller viktigast er på nynorsk. Aviser og skjønnlitteratur er også tekster som ein relativt stor del av elevane synest er viktig er på nynorsk. For mange av gutane er det også viktig at teikneseriar, tekster på nettet, og tekster til fjernsynsprogram/filmar er på nynorsk, men det er ikkje særleg viktig for jentene. Svar frå bokmåselevar utgjør ein relativt liten del av dei som meiner at det er nokså uviktig eller ikkje er viktig at ulike tekster er på nynorsk.

### Synspunkt på å lese bøker på nynorsk

I prosjektet har det vore lagt stor vekt på at elevane skal lese bøker på nynorsk, og det har vore sett av tid til lesing på skulen. I spørjeundersøkinga vart elevane bedne om å vurdere tre påstandar knytte til det å lese bøker på nynorsk. Påstandane var følgjande:

- For meg er det viktig å lese bøker på nynorsk
- Eg les bøker på nynorsk for å kunne skrive godt nynorsk
- Eg les bøker på nynorsk berre når eg må gjere det i samband med skulearbeid

Figur 7 viser elevane sine vurderingar av påstandane, som galdt lesing av skjønnlitteratur.



Figur 7: Elevane sine vurderingar av tre påstandar knytte til lesing av nynorske bøker (skjønnlitteratur)


I alt 36 prosent av gutane er heilt einige eller nokså einige i påstanden *For meg er det viktig å lese bøker på nynorsk*, medan det gjeld 28 prosent av jentene. Det er altså noko viktigare for gutane enn for jentene å lese bøker på nynorsk. Både blant gutar og jenter er det 22 prosent som er heilt ueinige i påstanden, noko som kan bety at målform i bøkene ikkje er viktig eller at det ikkje er viktig å lese bøker i det heile.

Noko av utgangspunktet for prosjektet er at det å lese nynorsk er viktig for å kunne skrive godt nynorsk. Kva tenkjer elevane om det? Figur 7 ovanfor viser at 25 prosent av jentene og 20 prosent av gutane er heilt einige i påstanden *Eg les bøker på nynorsk for å kunne skrive godt nynorsk*, medan 19 prosent av jentene og 18 prosent av gutane er nokså einige. I alt 28 prosent av gutane er heilt eller delvis ueinige i påstanden. Det kan tolkast som at gutane meiner det er viktig å lese bøker på nynorsk uavhengig av om det gjer dei betre i å skrive nynorsk.

I alt 72 prosent av jentene og 52 prosent av gutane er heilt einige eller nokså einige i påstanden *Eg les bøker på nynorsk berre når eg må gjere det i samband med skularbeid*. Det ser altså ut til at jentene i større grad enn gutane les bøker på nynorsk fordi dei må.

## Nynorskbøker på biblioteket ved ungdomsskulen

I prosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk* har det mellom anna vore fokus på at elevane skal lese nynorsk skjønnlitteratur. Skulen har lagt vekt på å skaffe gode nynorskbøker til biblioteket ved skulen, og på å informere elevane om kva bøker som finst og om innhaldet i bøkene. Elevane vart spurde om kor ofte dei finn bøker på biblioteket som dei har lyst til å lese.



Figur 8: Kor ofte finn du nynorskbøker på biblioteket ved ungdomsskulen som du har lyst å lese?


Mange elevar finn bøker på biblioteket som dei har lyst å lese, men det er også ein del som ikkje gjer det.

I alt 39 prosent av elevane finn svært ofte eller nokså ofte bøker på biblioteket som dei har lyst å lese. Litt fleire gutar enn jenter svarer at dei svært ofte finn bøker som er aktuelle. Ein firedel av jentene og 14 prosent av gutane har svart at dei av og til finn bøker som dei har lyst å lese.

Nesten halvparten (46 prosent) av gutane svarer at dei sjeldan eller aldri finn nynorskbøker på biblioteket som dei har lyst å lese, medan 37 prosent av jentene svarer det same. Det er grunn til å merke seg at relativt mange elevar, til saman 43 prosent, sjeldan eller aldri finn nynorskbøker på biblioteket ved skulen som dei har lyst å lese. Tala kan femne elevar som generelt ikkje likar å lese bøker eller nynorskbøker, men det er grunn til å tru at tala også inkluderer elevar som av ein eller annan grunn ikkje finn bøker på nynorsk som er interessante for dei.

## Kor mange skjønnlitterære bøker på nynorsk les elevane i løpet av eit skuleår?

Prosjektet har lagt vekt på å få elevane til å lese fleire bøker og fleire bøker på nynorsk. Figur 9 viser kor mange bøker elevane på 10.steget har lese skuleåret 2009-2010. Neste figur (figur 10) viser om elevane les fleire nynorskbøker no enn då dei gjekk 8. klasse, og om dei opplever at det er viktigare å lese nynorskbøker i 10. klasse enn då dei gjekk i 8. klasse.



Figur 9: Kor mange bøker på nynorsk har elevane lese skuleåret 2009-2010?

Jentene har lese fleire bøker på nynorsk enn gutane skuleåret 2009-2010.

I alt 22 prosent av jentene og 14 prosent av gutane har lese seks eller fleire bøker, medan 53 prosent av jentene og 35 prosent av gutane har lese tre til fem bøker i løpet av skuleåret 2009-2010. Det vil seie at 75 prosent av jentene har lese tre eller fleire bøker skuleåret 2009-2010, og om lag halvparten (49 prosent) av gutane har gjort det same.

Blant jentene utgjer den største gruppa dei som har lese frå tre til fem bøker, hos gutane utgjer den største gruppa dei som har lese èi til to bøker skuleåret 2009-2010. Samanlikna med gutane har jentene altså lese fleire bøker på nynorsk skuleåret 2009-2010. Men som vi får sjå i figur 10 er endringa i lesemonster (frå 8. klasse til 10. klasse) større blant gutar enn jenter.


Det kan også vere verd å nemne at relativt sett fleire gutar enn jenter aldri fann bøker på biblioteket dei hadde lyst å lese (jf figur 8). Kan hende vil større variasjon i boktilfang ved skulen medverke til at gutar les fleire bøker.

### Les elevane fleire nynorskbøker no? Er det eventuelt viktigare enn i 8. klasse?

Neste spørsmål var formulert som to påstandar, som elevane skulle ta stilling:

- Eg les fleire bøker på nynorsk no enn då eg gjekk i 8. klasse
- Det er viktigare for meg å lese bøker på nynorsk no enn det var då eg gjekk i 8. klasse





Figur 10: Endringar når det gjeld lesing av nynorskbøker


Når det gjeld å lese nynorskbøker (tal bøker og kor viktig det er å lese nynorsk) er endringa frå 8. klasse til 10. klasse noko større blant gutane enn blant jentene. Ein litt større del gutar les fleire bøker no enn i 8. klasse, og ein litt større del gutar enn jenter meiner det er blitt viktigare for dei å lese nynorskbøker no samanlikna med det som var tilfelle i 8. klasse.

I alt 47 prosent av jentene og 43 prosent av gutane er heilt einige eller nokså einige i påstanden *Eg les fleire bøker på nynorsk no enn då eg gjekk i 8. klasse* (27 prosent av gutane er heilt einige i påstanden, medan det gjeld 16 prosent av jentene). Nær halvparten (44 prosent) av **elevane les altså fleire bøker på nynorsk** i 10. klasse samanlikna med då dei gjekk i 8. klasse. Til saman 28 prosent av jentene og 20 prosent av gutane er heilt ueinige eller nokså ueinige i påstanden, det vil seie at dei ikkje les fleire bøker på nynorsk i 10. klasse samanlikna med då dei gjekk i 8. klasse. Tala kan tyde på at sjølv om gutane har lese færre bøker enn jentene skuleåret 2009-2010 (jf figur 9), er endringa frå 8. klasse til 10. klasse noko større blant gutane enn blant jentene.

Neste påstand var: *Det er viktigare for meg å lese bøker på nynorsk no enn det var då eg gjekk i 8.klasse*. I alt 42 prosent av elevane svarer at dei er heilt einige eller nokså einige i påstanden, som viser at **det er viktigare for dei å lese bøker på nynorsk no**. Det er liten skilnad mellom jenter og gutar, men det er ein tendens i retning av at det er blitt viktigare for gutane enn for jentene å lese bøker på nynorsk samanlikna med då dei gjekk i 8.klasse.

### Kven har mest å seie når elevane skal velje bøker dei vil lese?

Elevane vart spurde kven som har mest å seie når dei skal velje bøker. Spørsmålet var formulert slik at det galdt kven som hadde mest å seie **utanom dei sjølve**.



Figur 11: Kven har mest å seie når du skal finne ut kva bøker du vil lese?

Flesteparten av elevane meiner at det er medelevar/venner og lærarar som har mest å seie når dei skal velje kva bøker dei vil lese. Det er grunn til å merke seg at det er ein viss skilnad mellom gutar og jenter sine svar på spørsmålet.

Over halvparten av **jentene** (53 prosent) svarer at det er **medelevar/venner** som har mest å seie når dei skal finne ut kva bøker dei vil lese, medan 28 prosent av jentene seier at det er lærarar som har mest å seie og 19 prosent svarer 'andre'. Ingen jenter meiner at foreldre/føresett, eller bibliotekansvarleg på skulen har mest å seie når dei skal finne bøker dei vil lese.


Inntrykket er litt annleis når det gjeld **gutane**, der 39 prosent seier at det er **lærarar** som har mest å seie, medan 22 prosent seier det er medelevar/venner som har mest å seie for val av bøker. Blant gutane er det også somme (12 prosent) som svarer at bibliotekansvarleg og foreldre/føresette (8 prosent) har mest å seie når dei skal finne ut kva bøker dei vil lese.

Ein del elevar (samla 19 prosent) har svart 'andre' på dette spørsmålet. 'Andre' kan vere:

- Internett
- Forfattarar
- Dersom eg høyrer om ei bok og liker den, vil eg lese den
- Anmeldelse (altså bokmelding !)

## Informasjon om nynorsk litteratur for ungdom

I prosjektet har det vore lagt vekt på at skulen skal halde seg oppdatert på nynorsk litteratur for ungdom, og på å informere elevane om bøkene og om forfattarane. Figur 12 viser korleis elevane vurderer informasjonen dei har fått om slik litteratur. Spørsmålet var formulert som ein påstand dei skulle ta stilling til: *Norsklærarane gir elevane god informasjon om nynorsk litteratur for ungdom.*



Figur 12: Elevane sine vurderingar av informasjonen lærarar har gitt om nynorsk litteratur for ungdom

I det store og heile meiner elevane at lærarane har gitt rimeleg god informasjon om nynorsk litteratur for ungdom. Det er likevel somme, særleg gutar, som ikkje er heilt tilfredse med informasjonen som er gitt.

Flesteparten av elevane (72 prosent) er heilt eller delvis einige i at norsklærarane gir elevane god informasjon om nynorsk litteratur for ungdom, 35 prosent er heilt einige og 37 prosent er delvis einige. Det er berre små skilnader mellom jenter og gutar. Men gutane er litt meir usikre enn jentene, og somme gutar, men ingen jenter, gir uttrykk for at dei meiner informasjonen ikkje har vore god. Det viser seg ved at 10 prosent av gutane er delvis ueinige eller heilt ueinige i påstanden om at lærarane gir god informasjon om nynorsk litteratur for ungdom. Inntrykket er at jentene er litt meir tilfredse med informasjonen om nynorsk litteratur for ungdom enn gutane er.

## Andre synspunkt på å lese nynorsk

I intervjuet spurde vi også elevane om synspunkt på det å lese nynorsk, og elevane sa mellom anna:

- *Eg er vant til lese på nettet og det er ofte på bokmål, og då merkast det når vi les ei bok på nynorsk. I starten les ein og høyrer inni seg at det er nynorsk, men etter kvart som sidene går vert det heilt naturleg. Det er det same med bokmålsbøker*
- *Eg tenker over at det faktisk er nynorskbøker eg les. Det er uvant nok til at eg merkar det*
- *Eg merkar at det er nynorsk, for eg likar ikkje å lese bøker*

- *Eg les for det meste på engelsk, så når eg les ei bok på nynorsk eller bokmål så merkar eg så klart at det er annleis*

Vi snakka med elevane om språk i bøker og at det er ulike måtar å skrive nynorsk på:

- *Eg merkar det litt at det er ulikt språk i bøkene, også nynorskbøker*
- *Eg legg ikkje så mykje merke til at det er ulike måtar å skrive nynorsk på*
- *Eg likar at det er ein forskjell på bokmål og nynorsk. Det vil seie at nynorsk ikkje må bli for likt bokmål*
- *Eg tenker over at det er nynorskbøker av og til. Det gjeld særleg ordet EG*
- *Eg tenkjer ikkje over at det er nynorskbøker*
- *Det er oftast på dei første sidene, men så tenkjer eg ikkje over det meir*
- *Det er vanskeleg med sånn veldig nynorsk*
- *Vanskeleg med nynorsk som er skrive for lenge sidan*

Elevane formidlar at dei ikkje har lagt spesielt merke til at lærarane har snakka noko særleg om det med språk i nynorskbøker.

### **Kjennskap til namn på forfattarar som skriv bøker på nynorsk**


Elevane vart bedne om å nemne namnet på forfattarar dei kjenner til som skriv skjønnlitterære bøker på nynorsk. Det er 35 elevar som har svart (seriøst) på spørsmålet. Følgjande forfattarar er med (tala viser til kor mange elevar som har nemnt dei ulike forfattarane):

10 Maria Parr	3 Atle Hansen	1 Lars Eskeland
8 Magnhild Bruheim	2 Rønnaug Kleiva	1 Marita Liabø
7 Ivar Aasen	2 Jon Fosse	1 Terje Torkildsen
5 Aina Basso	2 Lars Mæhle	1 Erna Osland
4 Rune Belsvik	2 Ingelin Røsseland	1 Olav H. Hauge
		1 Ingvar Moe
		1 Olav Duun

”Men der er fleire” som ein elev slår fast. Somme er usikre på om dei kan ta med forfattarar som har skrive bøker som er omsette til nynorsk, to elevar nemner Cory Doctorow. Nynorskforfattarane som elevane har kjennskap til, er i stor grad dei som lærarar/bibliotekansvarleg har orientert om i løpet av prosjektperioden.

### **Kva målform vil elevane bruke når dei presenterer eit tema i ulike samanhengar?**

Mot slutten av spørjeskjemaet var spørsmåla knytte til kva målform elevane meiner dei vil bruke i ulike samanhengar no og i framtida. Figur 13 viser kva målform elevane seier dei vil bruke dersom dei skal ha ein presentasjon (Impress eller liknande) i tre ulike samanhengar; for ein klasse ved ein skule i Ålesund, for ein klasse ved ein skule i Oslo og på landsdekkande fjernsyn.



Figur 13: Kva målform vil elevane bruke når dei skal presentere (Impress e.l) eit tema i ulike samanhengar?

Dersom elevar skal presentere eit tema for **ein klasse i Ålesund**, vil 75 prosent av gutane og 71 prosent av jentene **bruke nynorsk** i presentasjonen (Impress e.l).


I ein presentasjon for ein klasse **ved ein skule i Oslo**, vil 52 prosent av gutane og 30 prosent av jentene **bruke nynorsk**.

Viss elevane skal ha ein presentasjon **på landsdekkande fjernsyn**, vil 71 prosent av gutane og 53 prosent av jentene **bruke nynorsk**.

Det ser ut til at gutane i større grad enn jentene vil bruke nynorsk også i samanhengar der fleirtalet av publikum truleg er bokmålsbrukarar. Den situasjonen der både jenter og gutar i størst grad tenderer mot å ville bruke bokmål er overfor ein klasse ved ein skule i Oslo, men over halvparten av gutane seier dei vil bruke nynorsk også i ein slik samanheng.

### Bruk av nynorsk i nye medium

Å bruke dialekt og ikkje hovudmålet i ulike samanhengar er vanleg hos mange. Figur 14 viser i kva grad elevar i 10. klasse ved Volda ungdomsskule bruker nynorsk i medium, som e-postar, chatting på nettet og SMS/tekstmeldingar.



Figur 14: Bruk av nynorsk (ikkje dialekt) i nye medium

Samla sett vert nynorsk brukt i relativt liten grad i nye medium. Men det er grunn til å merke seg at gutar i mykje større grad enn jenter bruker nynorsk i slike samanhengar.

I **e-postar** er det 24 prosent av gutane og 6 prosent av jentene som svært ofte skriv nynorsk, medan 14 prosent av gutane og 3 prosent av jentene seier at dei gjer det nokså ofte. Blant jentene er det vel halvparten som sjeldan eller aldri skriv nynorsk i e-postar, medan det gjeld 34 prosent av gutane. Tala viser altså ein relativt stor skilnad mellom gutar og jenter, på den måten at **fleire gutar enn jenter svært ofte eller nokså ofte skriv nynorsk i e-postar**, og det er fleire jenter enn gutar som aldri eller sjeldan skriv nynorsk i e-postar.

Når det gjeld **chatting på nettet**, svarer 72 prosent av jentene og 46 prosent av gutane at dei sjeldan eller aldri bruker nynorsk. Vidare er det 18 prosent av gutane og 3 prosent av jentene som svært ofte bruker nynorsk når dei chattar på nettet, medan 8 prosent av gutane gjer det nokså ofte. I alt 22 prosent av jentene og 20 prosent av gutane bruker nynorsk av og til når dei chattar på nettet.

I alt 44 prosent av jentene og 22 prosent av gutane bruker aldri nynorsk når dei skriv **SMS/tekstmeldingar**, og 34 prosent av jentene seier at dei sjeldan bruker nynorsk i SMS, medan det gjeld 22 prosent av gutane. Ein større del av jentene enn gutane skriv aldri eller sjeldan nynorsk i SMS/tekstmeldingar. 20 prosent av gutane bruker svært ofte nynorsk, men ingen av jentene bruker svært ofte nynorsk i SMS/tekstmeldingar.

Det er altså fleire gutar enn jenter som bruker nynorsk i e-postar, chatting på nettet og i SMS/tekstmeldingar.


I intervju med elevar var vi også inne på spørsmålet om å skrive nynorsk eller dialekt i ulike samanhengar. Noko av det som kom fram var følgjande:

- *Eg brukar ikkje nynorsk i private samanhengar, men dialekt*
- *Eg brukar også dialekt, men prøver å ikkje gå over streken*
- *Viss vi skal skrive meir formelle ting, som ein søknad osv, så skriv vi på bokmål*
- *Eg ville valt nynorsk i slike samanhengar same kven som er mottakar*
- *Eg hadde skrive på nynorsk for å vise at eg faktisk er nynorskbrukar*
- *Viss eg skulle skrive eit brev til nokon i Oslo, så ville eg skrive på bokmål for at dei skulle forstå så slepp dei å spørje.*
- *Eg merkar at når vi er i Oslo saman med foreldra mine, så slår dei ofte om til bokmål slik at dei andre (dvs dei i Oslo) skal forstå det*
- *Eg skriv nynorsk til vaksne som eg ikkje kjenner*
- *Eg skriv nynorsk på bloggen*
- *Sånn formelt så skriv vi nynorsk og så er det litt avhengig av kven det er til*
- *Eg skriv bokmål til folk som snakkar/skriv på bokmål*
- *Eg vil skrive på nynorsk også framover, men mest for at det er vane, ikkje fordi det er så viktig*
- *For meg er det viktig å skrive nynorsk*

### **Tankar om å bruke nynorsk i framtida**

Kva tankar har elevane om målform i framtida? I tilknytning til det spørsmålet vart elevane presenterte for fire påstandar:

- *Eg reknar med å bruke nynorsk i vidaregåande opplæring*
- *Eg reknar med å bruke nynorsk i studiesamheng (høgere utdanning)*
- *Eg reknar med å bruke nynorsk i arbeidslivet*
- *Eg reknar med å bruke nynorsk i private samanhengar i framtida*



Figur 15: Elevane sine tankar om bruk av nynorsk i framtida

Eit fleirtal av elevane reknar med at dei kjem til å bruke nynorsk i framtida. Men det er også ein del av nynorskbrukarane som trur dei kan kome til å slutte å bruke nynorsk i ulike samanhengar, særleg i arbeidslivet.

Figur 15 viser at 66 prosent av jentene og 54 prosent av **gutane er heilt sikre på at dei kjem til å bruke nynorsk i vidaregåande opplæring**, medan 28 prosent av jentene og 30 prosent av gutane truleg kjem til å gjere det. **Størstedelen av elevane (87 prosent) reknar altså med at dei heilt sikkert eller truleg kjem til å bruke nynorsk i vidaregåande opplæring.**

Vidare ser vi at 44 prosent av jentene og 36 prosent av gutane reknar med at dei heilt sikkert kjem til å bruke nynorsk i studiesamheng (høgre utdanning). Det er altså litt færre som er sikre på det enn tilfellet var når det gjaldt å bruke nynorsk i vidaregåande opplæring. Elles er det 46 prosent av jentene og 34 prosent av gutane som reknar med at dei truleg kjem til å bruke nynorsk i studiesamheng (høgre utdanning). Samla er det **83 prosent av elevane som reknar med at dei heilt sikkert eller truleg kjem til å bruke nynorsk i studiesamheng (høgre utdanning).**

Når det kjem til spørsmålet om å **bruke nynorsk i arbeidslivet**, reknar 45 prosent av gutane og 28 prosent av jentene med at dei heilt sikkert kjem til å bruke nynorsk i arbeidslivet, medan 34 prosent av jentene og 31 prosent av gutane reknar med at dei truleg vil gjere det. ( Det er altså fleire gutar



som er sikre på at dei kjem til å bruke nynorsk i arbeidslivet samanlikna med kor mange som er sikre på at dei kjem til å bruke nynorsk i studiesamanheng.)

Dei to kolonnane lengst til høgre i figur 15 viser at 34 prosent av gutane og 16 prosent av jentene er heilt sikre på at dei kjem til **å bruke nynorsk i private samanhengar i framtida**, 41 prosent av jentene og 32 prosent av gutane reknar med at dei truleg vil gjere det. Svarfordelinga knytt til den siste påstanden treng ikkje bety at elevane reknar med å gå over til bokmål i private samanhengar, det kan like gjerne vere at dei i private samanhengar reknar med å bruke dialekt (jf dei språkvanane elevane allereie har knytte til bruke av ulike nye medium ( jf.figur 14).

### Andre synspunkt på å bruke nynorsk


Vi spurde elevane vi intervjuar litt generelt om det å bruke nynorsk, og noko av det som kom fram var:

- *Nynorsk facebook er tøft. Det er litt med å bruke nynorsk når det ikkje er så vanleg*
- *Eg trur der er ein del folk i klassa som ikkje likar å skrive nynorsk, men det kan hende det har like mykje med at dei ikkje likar å skrive i det heile tatt (og då er det kanskje enklare med bokmål)*
- *Det er nokon som synest at nynorsk ikkje er så kult*
- *Det vert heller diskusjonar mellom dialekt og bokmål fordi nokre bokmålsbrukarar ikkje forstår alle dialektuttrykka*

Elevane gir uttrykk for at nynorsk er eit tema i norskfaget og ikkje i så mange andre samanhengar, og det generelt få debattar blant elevane om målformer.

### Elevane sine erfaringar med og synspunkt på nynorskprosjektet

Dei to siste spørsmåla i skjemaet var knytte direkte til elevane sine erfaringar med nynorskprosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk*. Eitt av spørsmåla handla om kva prosjektet har hatt å seie for lesing og skriving av nynorsk, og for å verte meir bevisste nynorskbrukarar (jf figur 16).



Figur 16: Elevane sine vurderingar av kva nynorskprosjektet har hatt å seie for dei

Nynorskprosjektet har vore viktig for mange av elevane når det gjeld å verte betre å lese nynorsk, betre å skrive nynorsk og verte meir bevisste nynorskbrukarar. Prosjektet ser ut til å ha vore litt viktigare for gutane enn for jentene.

Med tanke på å bli **betre å lese nynorsk**, har prosjektet vore svært viktig for 35 prosent av gutane og 22 prosent av jentene. I alt 41 prosent av jentene og 21 prosent av gutane seier at prosjektet har vore nokså viktig for å bli betre å lese nynorsk. Tala er om lag dei same når det gjeld å bli **betre å skrive nynorsk**.

I alt 35 prosent av gutane seier at nynorskprosjektet har vore svært viktig for at dei har vorte **meir bevisste nynorskbrukarar**, medan det gjeld 16 prosent av jentene. Vidare meiner 44 prosent av jentene og 22 prosent av gutane at prosjektet har vore nokså viktig for at dei er blitt meir bevisste nynorskbrukarar.

Når det gjeld kva prosjektet har hatt å seie for å bli betre å lese og å skrive nynorsk går tendensen i retning av at det har vore litt viktigare for gutar enn for jenter. Prosjektet ser også ut til å ha påverka gutar i større grad enn jenter med tanke på å bli meir bevisste nynorskbrukarar.

### Generelle synspunkt på prosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk*

Til slutt i spørjeskjemaet var det eit ope spørsmål, der elevane kunne skrive litt om kva dei synest om prosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk*. Kommenterar frå elevar var mellom andre:

- *Det var greitt å ha. Lærte litt av det, og fikk meir tid til å lese enn det eg vanlegvis hadde fått*
- *Eg tykkjer at prosjektet er til god hjelp for elevar som har nynorsk som hovudmål. For meg har prosjektet vist meg gode nynorsk forfattarar. (Eg hugsar diverre ikkje nokon akkurat no)*

- *Prosjektet er ein god idé som er positiv hos dei elevane som ikkje er redde for bøker*
- *Det er kjekt å ha eit slikt prosjekt, der vi får bruke tida på å lese, fordi det er kjekt, og det er annleis enn andre prosjekt vi har hatt*
- *Det er eit kjempebra prosjekt. Flott at vi får bruke nokre timar på skulen til å lese nynorske bøker*
  
- *Eg synest at prosjektet var kjedeleg. Eg rakk ikkje å lese meir enn ei bok*
- *Få betre bøker! Det var bare ein god bok i kvart prosjekt. Alle dei andre var utroleg kjedelege og dårlege. Elles var det kjekt å få lese i klasserommet*
- *Kjekt det, men hugs at det er ikkje alle som har like stor hugnad i å lesa*
- *Eg bryr meg ikkje om det er bøker på nynorsk eller bokmål. Eg er ikkje særlig interessert i bøker heller. Men det er sikkert lurt å lese mykje*
- *Eg synest at prosjektet var kjedeleg. Eg rakk ikkje å lese meir enn ei bok*
- **KJEDELIG**

## Lærarane sine erfaringar med prosjektet

Vi intervjuar lærarar som har hatt norskundervisning i dei tiandeklassane som har følgd prosjektet i tre år. Ein av lærarane har også vore ansvarleg for prosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk*.

### Prosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk*

Når prosjekt og forsøk i skulen er på trappene og i startfasen er lærarane i mange tilfelle usikre og kanskje skeptiske fordi dei har erfaring med at det kan medføre meir arbeid i tillegg til det dei allereie har. Somme lærarar reagerte slik då det var klart at prosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk* skulle setjast i gang ved Volda ungdomsskule:

- *I starten var eg skeptisk til at elevane skulle lese 15 min i starten av ein time, då tenkte eg at: "Då er den timen gått". Men det viste seg at resten av timen vert betre, elevane får roe seg skikkeleg ned og er meir konsentrerte resten av timen*
- *Vi var litt treige og det tok litt tid før eg forstod kva det gjekk ut på. Men no synest vi det er eit flott prosjekt*

Noko av grunnen til dei gode erfaringane er at: *"Dette prosjektet kom meir inn i faget enn det kom i tillegg til". Med andre ord ser det ut til at opplegget langt på veg har vorte godt integrert i norskfaget, og i andre fag: "Det var ikkje minus, korkje for naturfaget eller matematikk at elevane skulle lese 15 minutt i starten av timen, på starten av dagen. Tvert i mot har det vore bra."*

Lærarane har gode erfaringar med prosjektet og opplegget som er utvikla gjennomprosjektperioden, og dei som har arbeidd mest med utviklinga av prosjektet får skryt: *"Dei som har drive prosjektet har gjort ein kjempejobb."*

Det er først og fremst bibliotekansvarleg som har halde seg orientert om nynorskforfattarar og bøker på nynorsk for ungdom: *"Bibliotekansvarleg har lese bøkene og presentert dei fleste for elevane. På den måten fekk dei også god kjennskap til henne som bibliotekar."*

I prosjektet har det vore fokusert på at lesing av nynorskbøker skal føre til betre skriving. Lærarane gir uttrykk for at det har vore ei utfordring å ta tak i samanhengane mellom lesing og skriving, og dei vil gjerne prøve å legge vekt på det framover.

### **Fokus på nynorsk skjønnlitteratur for ungdom**

Prosjektmidlane har langt på veg vore ein føresetnad for at biblioteket ved ungdomsskulen har hatt tilfang på bøker på nynorsk for ungdom. Skulen har ikkje hatt noko stort utval tidlegare. Det er usikkert om det framover er mogleg å kjøpe inn nye bøker i same omfang som skulen har kunne gjort i prosjektperioden: *"No må vi jobbe for å få dette inn i budsjettet igjen slik at vi kan halde oppe godt utval osv."* poengterer lærarane.

Lærarane oppfattar det slik at biblioteket ved skulen har eit variert utval bøker, og at alle elevane kan finne bøker dei vil lese:

- *Utvalet av bøker er bra no, vi har kjøpt inn alt som har vore aktuelt av nynorskbøker for ungdom*
- *Det er frå lettleste bøker til tjukke bøker*
- *Der er god spreing, alt frå krim til mitt første kyss*

Sjølv om lærarane meiner at utvalet er slik at alle elevar kan finne noko dei vil lese, viste undersøkinga blant elevane at ein del elevar sjeldan eller aldri finn bøker dei har lyst å lese. Det kan vere at det gjeld elevar som ikkje les bøker, men det kan også gjelde elevar som likar godt å lese, men som ikkje finn interessante bøker. Lærarane har tenkt på dette, og ein av dei seier: *"For somme elevar er bøkene vi kan tilby for lite avanserte. Vi må tenke på at vi må få inn fleire bøker retta mot vaksne for dei som har kome lengst."*

Lærarane er opptekne av at det jamleg vil vere trong for fornying: *"Ein må fornye bokparken – det vert ei utfordring når vi ikkje har prosjektet og midlar til bøker."*

Undersøkinga blant elevane viste at også bokmålelevar for det meste har vore positive til nynorskprosjektet. Det er også lærarane sine erfaringar. Lærarane har ikkje fått negative reaksjonar frå elevar på at *alle* elevane skal lese bøker på nynorsk.

### **Språk i bøker**

*Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa* har lagt vekt på at prosjektet også skulle fokusere på å auke elevane sin kunnskap om språket i nynorskbøker, og at det finst ulike måtar å bruke nynorsk på. Lærarane gir uttrykk for at dei sjølve er bevisste på det og har formidla det til elevane:

- *Det høyrer med i pensum på ein måte, det med språk i tekster. Så det vert ofte diskutert - i alle fag, Kva står det her eigentleg?*
- *Vanskegrad i bøkene og sjanger er det som legg føringar på kva type språk elevane får tilgang til. Men det vert ikkje valt bøker med tanke på variasjon i språket i seg sjølv.*

### **Kva treng lærarane for å bli betre i nynorskopplæringa?**

Som del av prosjektet har skulen hatt besøk av forfattarar som har presentert seg sjølve og bøker dei har skriva. Det har vore delte erfaringar med det, men i dei tilfella der forfattarar har evne til å formidle til ungdommar, er det til stor inspirasjon både for elevar og lærarar. Lærarane ønskjer meir av

slike besøk. Når vi spør lærarane kva dei treng for å betre nynorskopplæringa, er svara mellom anna knytte nettopp til det med å få inspirasjon:

- *Inspirasjon - nokon som kom og brann for nynorsk og viste elevane kule ord og setningar på nynorsk*
- *Forfattarar som er gode å formidle til ungdomar*
- *Kome inn i klassene, vise elevane at nynorsk er meir opprinneleg enn bokmål*

Elles seier lærarane at nye læreverv er noko av det som trengst for å betre nynorskopplæringa.

### **Modellen**

Prosjektet skulle danne grunnlag for ein modell, som består av fagplanar for undervisning i norsk med vekt på nynorsk. Lærarane er i stor grad tilfredse med modellen som er utvikla, sjølv om dei sjølv sagt veit at fagplanar må justerast jamleg:

- *Målet var å lage eit system som kan rulle og gå, og det trur eg vi har fått til*
- *Ein fagplan må alltid justerast, men nokre ting ligg fast i 'Voldamodellen', til dømes tekster til Grand Prix, heildagsprøver og så vidare*

Modellen er på plass og består av fagplanar for ulike årssteg. Planane inneheld læringsmål, fagstoff, arbeidsmåtar og vurderingsmåtar, og det er lagt vekt på at dei skal vere så detaljerte og brukarvenlege som råd.

### **Samarbeidet med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa**

Prosjektet har, som nemnt, vore finansiert av midlar frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Det var lagt opp til at det skulle vere dialog og samarbeid mellom Volda ungdomsskule og nynorsksenteret i prosjektperioden. Lærarane formidlar mellom andre følgjande erfaringar frå samarbeidet:

- *Vi har fått mykje tips frå nynorsksenteret, det gjeld særleg aktuelle bøker*
- *Vi fekk ein rettleiar på prosjektet, men eg synest det var vanskeleg å vite kven som skulle kontakte kven. Men vi kunne sikkert hatt tettare oppfølgt undervegs*

Vårt inntrykk er at det har vore god, men relativt liten kontakt mellom ungdomsskulen og nynorsksenteret i løpet av dei tre åra prosjektet har gått. Det varierer kor godt lærarane kjenner nynorsksenteret og i kva grad dei har brukt ressursane som nynorsksenteret kan tilby:

- *Eg veit veldig mykje om kva nynorsksenteret styrer med osv kva dei kan tilby*
- *Eg har ikkje brukt dei aktivt (om nettsidene til nynorsksenteret)*

## **Oppsummering**

- Knapt halvparten av elevane meiner det er viktig for dei å skrive nynorsk, medan det for størstedelen av voldaeelevane korkje er viktig eller uviktig. Vi kan tolke det som eit uttrykk for at dei første er ei gruppe som har relativt medvite forhold til nynorsk som skriftspråk, medan den

andre grupper er nynorskbrukarar som ikkje legg noko spesielt i det å bruke nynorsk som skriftspråk. Det ser ut å vere litt viktigare for gutane enn for jentene å skrive nynorsk.

- Samla sett er det flest elevar som liker best å skrive **forteljingar, eventyr e.l.** Elles er **kåseri, artiklar og noveller** tekster elevar liker best å skrive. Det er grunn til å merke seg skilnadene mellom jenter og gutar på spørsmålet om kva tekster dei liker best å skrive. Ikkje minst ser det ut til å vere meir variasjon blant gutane enn blant jentene.
- Elevane er tilfredse med korleis dei meistrar nynorsk rettskriving, og det er relativt liten skilnad mellom jenter og gutar, men ein tendens i retning av at gutane opplever betre meistring av nynorsk rettskriving enn jentene gjer.
- Å skrive tekster på nynorsk er det elevane meiner har mest å seie for at dei har blitt betre i nynorsk rettskriving.
- For elevane ved ungdomsskolen i Volda er det å ha tilgang på fagbøker på nynorsk viktigast. Det er også viktig at aviser og skjønnlitteratur er på nynorsk. Det er ein viss skilnad mellom gutar og jenter når det gjeld kor viktig det er at ulike tekster er på nynorsk. Til dømes er det viktigare for gutar enn for jenter at teikneseriar, tekstar på nettet og i fjernsynsprogram er på nynorsk.
- Mange elevar finn bøker på biblioteket som dei har lyst å lese, men det er også ein del som ikkje gjer det, og det gjeld særleg gutar.
- Jentene har lese fleire bøker på nynorsk enn gutane skuleåret 2009-2010.
- Det er fleire av elevane som les nynorske bøker ved slutten av prosjektet enn kva som var tilfellet i starten. Når det gjeld å lese nynorskbøker (talet på bøker og kor viktig det er å lese nynorsk) er endringa frå 8. klasse til 10. klasse noko større blant gutane enn blant jentene. Ein litt større del gutar les fleire bøker no enn i 8. klasse, og ein litt større del gutar enn jenter meiner det er blitt viktigare for dei å lese nynorskbøker no samanlikna med det som var tilfellet i 8. klasse.
- Flesteparten av elevane meiner at det er medelevar/venner og lærarar som har mest å seie når dei skal velje kva bøker dei vil lese.
- I det store og heile meiner elevane at lærarane har gitt god informasjon om nynorsk litteratur for ungdom. Det er likevel somme, særleg gutar, som ikkje er heilt tilfredse med informasjonen som er gitt.
- Gutane vil, i større grad enn jentene, bruke nynorsk i samanhengar der fleirtalet av publikum er bokmålsbrukarar. Det er nærliggande å sjå dette i samheng med at gutane synest å vere meir medvitne når det gjeld å bruke nynorsk enn jentene er.
- Nynorsk vert i relativt liten grad brukt i nye skriftlege medium som e-postar, chatting på nettet og SMS/tekstmeldingar. Men det er grunn til å merke seg at gutar i mykje større grad enn jenter bruker nynorsk i slike samanhengar.
- Eit fleirtal av elevane reknar med at dei kjem til å bruke nynorsk i framtida. Men det er også ein del av nynorskbrukarane som trur dei ikkje kjem til å bruke nynorsk i ein del samanhengar, særleg i arbeidslivet.
- Nynorskprosjektet har vore viktig for elevane når det gjeld å verte betre å lese nynorsk, skrive nynorsk og verte meir bevisste nynorskbrukarar.
- Lærarane meiner at ved å ha tilgang til eit variert utval bøker på nynorsk, når det gjeld sjanger, innhald osv, vil dei fleste elevane finne bøker som passar. Variert utval bøker gjer også at elevane får kjennskap til at det er ulike måtar å bruke nynorsk språk på.
- Lærarane har svært gode erfaringar med prosjektet, og trur at prosjektet har lagt eit godt grunnlag for ein modell som kan brukast vidare, men som kontinuerleg må justerast.



## **Vedlegg**

Spørjeskjema

Intervjuguide



## Volda ungdomsskule - undersøking 10. klasse

*Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk* er eit prosjekt ved Volda ungdomsskule (VUS). Prosjektet starta då du gjekk i 8. klasse og vert avslutta våren 2010. Målet med prosjektet er mellom anna å styrke nynorsk som skriftspråk.

Møreforsking Volda har fått i oppdrag, av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, å evaluere prosjektet. Føremålet med evalueringa er mellom anna å skaffe informasjon om elevane sine oppfatningar om og erfaringar med å skrive og lese nynorsk, og å få fram deira vurderingar av prosjektet *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk*. Evalueringa skal vere ferdig 15. juni 2010, og resultatata vert publiserte i ein rapport.

Spørjeundersøkinga, som vi no ber deg delta i, er eit ledd i evalueringa. Det er frivillig å vere med, men vi håper du vil svare. Dei som behandlar informasjonen har teieplikt, og informasjonen vert behandla fortruleg. Når evalueringa er ferdig, vert alle data anonymiserte.

Randi Bergem ved Møreforsking Volda er ansvarleg for undersøkinga. Ho har tlf. 70075211 og e-postadr rbe@hivolda.no

---

### 1) Kjønn

Jente  Gut

---

### 2) Kva har du som hovudmål?

Nynorsk  Bokmål



---

### 3) Kva tekster liker du best å skrive? (Set eitt kryss)

- Noveller
- Forteljingar, eventyr e.l.
- Kåseri
- Songtekster
- Lyrikk
- Artiklar
- Lesarinnlegg/debattinnlegg
- Intervju
- Samansette tekster (tekst med lyd, bilete og skrift)
- Andre tekster



## This box is shown in preview only.

The following criteria must be fulfilled for this question to be shown:

- Kva tekster liker du best å skrive? (Set eitt kryss) - Andre tekster

**4) Du svarte "Andre tekster" på forrige spørsmål. Her kan du presisere kva tekster det er:**



**5) Kor viktig er det for deg å skrive nynorsk? (Set eitt kryss)**

- Svært viktig
- Nokså viktig
- Korkje viktig eller uviktig
- Nokså uviktig
- Ikkje viktig

**6) Her ber vi deg skrive litt om kvifor det er viktig eller ikkje viktig for deg å skrive nynorsk:**



**7) Korleis meistrar du nynorsk rettskriving? (Set eitt kryss)**

- Svært godt
- Nokså godt
- Korkje godt eller dårleg
- Nokså dårleg
- Svært dårleg



**8) I kva grad har følgjande forhold hatt noko å seie for at du har blitt betre i nynorsk rettskriving? (Set eitt kryss på kva rad)**

I I I  
stor nokon liten  
grad grad grad

Undervisninga til lærarane	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lærarane sine kommentarar på skriftlege arbeid	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Retting på retteark	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Å skrive tekster på nynorsk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Å lese bøker på nynorsk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nynorsk retteprogram	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Å løyse kryssord i Norsk Barneblad	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre forhold/arbeidsmåtar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



## This box is shown in preview only.

The following criteria must be fulfilled for this question to be shown:

- Andre forhold/arbeidsmåtar - I nokon grad *or*
- Andre forhold/arbeidsmåtar - I stor grad

**9) Du svarte "Andre forhold/arbeidsmåtar" på forrige spørsmål, her kan du presisere kva det er:**



**10) Kor viktig er det for deg at ulike tekster, som er nemnde nedanfor, er på nynorsk? (Set eitt kryss på kvar rad)**

	Svært viktig	Nokså viktig	Korkje viktig eller uviktig	Nokså uviktig	Ikkje viktig
Skjønnlitteratur	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fagbøker	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Brukarretteiingar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Tekster på nettet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Teikneseriar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Aviser	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Tekster til fjernsynsprogram/filmar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



**11) Ta stilling til påstandane nedanfor: (Set eitt kryss på kvar rad).**

	Heilt einig	Nokså einig	Korkje einig eller ueinig	Nokså ueinig	Heilt ueinig
For meg er det viktig å lese bøker på nynorsk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg les bøker på nynorsk for å kunne skrive godt nynorsk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg les bøker på nynorsk berre når eg må gjere det i samband med skularbeid	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



**12) Kor ofte finn du nynorskbøker på biblioteket ved ungdomsskulen som du har lyst å lese? (Set eitt kryss)**

- Svært ofte
- Nokså ofte
- Av og til
- Sjeldan
- Aldri



**13) Kor mange bøker (skjønnlitteratur) på nynorsk har du lese skuleåret 2009-2010? (Set eitt kryss)**

- 1-2
- 3-5
- 6 eller fleire
- Ingen

**14) Ta stilling til påstandane nedanfor: (Set eitt kryss på kvar rad).**

	Heilt einig	Delvis einig	Usikker	Delvis ueinig	Heilt ueinig
Eg les fleire bøker på nynorsk no enn då eg gjekk i 8. klasse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det er viktigare for meg å lese bøker på nynorsk no enn det var då eg gjekk i 8.klasse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



**15) Forutan deg sjølv, kven har mest å seie når du skal finne ut kva bøker du vil lese? (Set eitt kryss)**

- Lærarar

- Medelevar/venner
- Foreldre/føresette
- Bibliotekansvarleg ved skulen
- Andre



## This box is shown in preview only.

The following criteria must be fulfilled for this question to be shown:

- Forutan deg sjølv, kven har mest å seie når du skal finne ut kva bøker du vil lese? (Set eitt kryss) - Andre

**16) Du svarte "Andre" på forrige spørsmål. Her kan du presisere kven det er:**



**17) Ta stilling til påstanden: Norsklærarane gir elevane god informasjon om nynorsk litteratur for ungdom. (Set eitt kryss)**

- Heilt einig
- Delvis einig
- Usikker
- Delvis ueinig
- Heilt ueinig

**18) Her ber vi deg nemne namnet nokre på forfattarar, som skriv skjønnlitterære bøker på nynorsk:**



**19) Tenk deg at du skal ha ein presentasjon (Impress) av eit tema. Vil du bruke nynorsk eller bokmål i presentasjonen i følgjande samanhengar: (Set eitt kryss på kvar rad).**

Nynorsk Bokmål

For ein klasse ved ein skule i Ålesund	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For ein klasse ved ein skule i Oslo	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
På landsdekkande fjernsyn (t.d. NRK eller TV2)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



**20) Kor ofte bruker du nynorsk (ikkje dialekt) i samanhengane som er nemnde nedanfor? (Set eitt kryss på kvar rad)**

	Svært ofte	Nokså ofte	Av og til	Sjeldan	Aldri	Eg bruker ikkje dette verktøyet
SMS	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Chatting på nettet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
E-postar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



**21) Vurder påstandane nedanfor: (Set eitt kryss på kvar rad)**

	Heilt sikkert	Truleg	Lite truleg	Veit ikkje
Eg reknar med å bruke nynorsk i vidaregåande opplæring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg reknar med å bruke nynorsk i studiesamheng (høgere utdanning)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg reknar med å bruke nynorsk i arbeidslivet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg reknar med å bruke nynorsk i private samanhengar i framtida	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



**22) Kor viktig har nynorskprosjektet - Sjølv sagt les og skriv vi nynorsk - vore for deg for å: (Set eitt kryss på kvar rad)**

	Svært viktig	Nokså viktig	Korkje viktig eller uviktig	Nokså uviktig	Ikkje viktig
verte betre å lese nynorsk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
verte betre å skrive nynorsk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
verte ein meir bevisst nynorskbrukar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

**23) Her ber vi deg skrive litt om kva du synest om  
prosjektet - Sjølv sagt les og skriv vi nynorsk:**

---

© Copyright www.questback.com. All Rights Reserved.

## Intervjuguide Volda Ungdomsskule

### Elevar i 10. klasse

Innleiing om føremålet med intervjuet og kort kva vi vil spørje om.

1. Om å bruke nynorsk
  - Er det viktig for deg å bruke nynorsk i skriftleg samanheng?
    - Kor tid er det eventuelt viktig?
    - Kor tid er det ikkje viktig?
    - Når det gjeld bruk av nynorsk i skulen – er det viktig berre i norsktimane, eller er det også viktig i fag som naturfag, samfunnsfag, osv? Når brukar de nynorsk/når er du eventuelt usikker på om du kan bruke nynorsk`?
    - Skriv de dialekt i skulesamanheng? Eventuelt når?
    - Kan ein bruke nynorsk i alle typar tekster i alle fag, med unntak av framandspråk? Kvifor, kvifor ikkje?
  - Når de les nynorskbøker: tenkjer de over at dei er på nynorsk? Kvifor? Korleis? Tenkjer de over språket i bøkene? Eventuelt korleis?
  - Er bruk av nynorsk i skriftleg samanheng noko som du er oppteken av, som fører til debattar blant elevane/ungdom i skulen eller elles?
    - Kva synspunkt gjer seg eventuelt gjeldande i slike diskusjonar?
  - Kva inntrykk har de av medelevar si oppfatning av det å lese og skrive nynorsk?
2. De har vore med på prosjektet "Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk"
  - Kva veit de om prosjektet?
  - Korleis har prosjektet blitt teke i mot blant elevane?
    - Blir prosjektet diskutert blant elevane? Kva blir eventuelt sagt om det?
    - Korleis liker du prosjektet?
    - Kva erfaringar har de med prosjektet? Har det auka bevisstgjerings og sjølvkjensla når det gjeld nynorsk? Eventuelt korleis? Er forholdet til nynorsk endra som følgje av prosjektet. Likar de t.d. betre no?
    - Les de fleire bøker på nynorsk? Er det viktigare no? Kvifor/kvifor ikkje?
    - I kva grad og på kva måtar har lærarane informert om nynorsk litteratur for ungdom?
    - Skriv de betre og/eller annleis nynorsk no? Er de meir bevisste på nynorsk som skriftspråk? Korleis kjem det eventuelt til uttrykk?
3. I kva samanhengar (privat/skulesamanheng) brukar de nynorsk/ikkje nynorsk? I kva grad tenkjer de over om de skal bruke nynorsk i desse samanhengane?



## Intervjuguide Volda Ungdomsskule (VUS)

### Norsklærarar 10. klassene

Innleiing om føremålet med intervjuet og kort kva vi vil spørje om.

1. Kva rolle har de hatt i nynorskprosjektet? I kva grad og på kva måtar har de eventuelt vore med i utvikling av prosjektet?
2. Korleis har de skaffa dykk kunnskap om nynorsk litteratur for ungdom?
3. Korleis (på kva måtar) er litteraturen brukt i undervisninga? Kva er erfaringane?
4. Korleis har det vore arbeid med skriveopplæring/skriveoppgåver i tilknytning til auka bruk av nynorsk litteratur? Kva er erfaringane?
5. I kva grad er skriveoppgåvene knytte til skjønnlitteratur og/eller andre sjangrar?
6. I kva grad og på kva måtar har det, overfor elevane, vore fokus på spørsmål som gjeld språk i bøker?
  - T.d. kva er det ved ei bok som viser at ho er på nynorsk?
  - T.d. kva type nynorsk (ordbruk osv) er det i ei bok osv?
7. I kva grad og på kva måtar har fokus på å lese og skrive nynorsk verka inn på rettskrivinga til elevane?
8. Erfaringar med voldamodellen:
  - Kva er erfaringane med fagplanane i modellen?
  - I kva grad er opplegget i modellen føremålstenleg for å styrke medvit om nynorsk, slik de vurderer det?
  - Er voldamodellen i bruk på heile ungdomsskulen?
9. I kva grad og korleis er vevsidene til Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa brukt i undervisninga?
10. Korleis har samarbeidet mellom VUS og nynorsksenteret fungert? Kva har vore bra/mindre bra?
11. Kva treng lærarane for å styrke nynorskopplæringa?